



Vestland fylkeskommune

Dato: 09.06.2020  
Vår ref.: 20/00312-12

## Klage på vedtak om Fordeling av tilskot til verna kulturminne

Det vert vist til vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og integrering 4. juni 2020 i sak om tildeling av tilskot til verna kulturminne 2020, sak 2020/35099-28.

Voss herad sende søknad om midlar innan fristen, men søknaden vart ikkje vurdert og teke med i saka. I medhald av Forvaltningsloven § 28 blir det difor klaga på vedtaket i saka.

Søknaden skulle vore sendt elektronisk. Voss herad sendte søknaden på e-post ei veke før søknadsfristen. Dersom dette ville vore grunnlag for avvisning av søknaden, skulle fylkeskommunen ha opplyst om dette , jf. rettleiingsplikta i Forvaltningsloven § 11.

Til opplysning gjorde Voss herad fylkeskommunen merksam på sakshandsamingsfeilen før saka kom opp.

Med vennleg helsing  
Trude Letnes  
Kommunalsjef  
Tlf: 41679533

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune v/ fylkeskonservator